



**I dag blafrar alle flagg i bygda i vårleg bris - det er konfirmasjonsdag av det slaget vi alle ynskjer.**

**Kyrkja har vore fullsett av festkledde uskedingar og dei som ikkje avvikla familiefestane i går gjer det i dag**

Sokneprest Kristian Due og kyrkjelydssekretær Oddbjørg Heimark fullførte jobben med å undervisa konfirmantane. Det dei sa var meir prega av rådgeving enn formaning, og dei to sa mykje positivt om årets konfirmantar.

Oddbjørg formulerte seg slik:

-Gjennom livet vil dykk møte motgang, nederlag og tvil, men hugs at Gud har plass til alle og alltid vil støtte og ta vare på dykk.

I si preike tok presten utgangspunkt i mannen som bygde huset sitt på usikker grunn.

I år er det 7 konfirmantar som over er klare for prosesjon inn i kyrkja og under er fotografert inne etterpå.

Gutane er Hermund Lomheim

Døssland, Are Telstø Legland og Lars Andres Sæbø.

Jentene er Susanne Løland Eik, Bente Halvorsen, Anita Miljeteig og Tone Helen Ljosnes Moen

Soknepresten og kyrkjelydssekretæren er på begge bileta

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

